

## **TILSKOT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET (SMIL) - TILTAKSSTRATEGI FOR SVEIO KOMMUNE 2017-2020**

Fastsett av Sveio kommune 12. oktober 2017 etter dialog med næringsorganisasjonane i jordbruket i Sveio og Fylkesmannen i Hordaland.

### **GRUNNLAG**

I forskrifta for SMIL står det i § 8 at kommunen skal fastsetja overordna retningsliner for prioritering av søknader og at dette skal gjerast i dialog med fylkesmannen og næringsorganisasjonane i jordbruket lokalt. Desse retningslinene er til vanleg kalla tiltaksstrategiar.

Landbruksdirektoratet sitt rundskriv 2017-13 gjer klart at eit føremål med forskrifta er å målretta innsatsen og tiltaka etter lokale miljømessige utfordringar. Tilskotsmidlane skal derfor prioriterast på grunnlag av lokalt tilpassa målsetjingar og strategiar.

### **SMIL-ORDNINGA SITT FØREMÅL**

#### **§ 1. Formål**

*Formålet med tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensningen fra jordbruket, utover det som kan forventes gjennom vanlig jordbruksdrift. Prosjektene og tiltakene skal prioriteres ut fra lokale målsettinger og strategier.*

### **REGIONALT MILJØPROGRAM**

Tiltaksstrategien skal vurderast i samheng med fylket sin strategi for regionalt miljøprogram.

### **NATUR- OG KULTURMINNEVERDIANE I SVEIO**

Sveio har kartlegging av naturtypar og særskild kartlegging av kystlynghei. Rapportar frå begge kartleggingane er frå 2009. Av forskriftsfesta utvalde naturtypar har Sveio hole eiketre og kystlynghei. Sjølv om kystlynghei er å rekna som utmark i jordbrukssamheng (utmarks- og ikkje innmarksbeite), er den som naturtype rekna som kulturlandskap på grunn av menneskeleg påverknad gjennom tusenvis av år. Av andre naturtypar som er i gruppa kulturlandskap, har Sveio ein god del artsrik naturbeitemark. Fleire av desse er særst artsrike.

Kulturminneverdiane i kommunen er kartlagt i kulturminneplanen frå 2015. Planen har verdisetjing og prioriteringar som òg omfattar kulturminne på gardsbruk og som kan falla inn under SMIL-ordninga.

Tiltak som gjeld ureining må prioriterast i samsvar med regionale vassforvaltningsplanar og tiltaksplanar for vassområda. I Sveio er Vigdar-vassdraget det største og viktigaste vassdraget i vassforvaltningsarbeid.

### **LOKALE MÅLSETJINGAR OG PRIORITERINGAR**

Sveio kommune vil nytta SMIL-midlane mest mogleg effektivt og målretta til tiltak som er i samsvar med føremålet og lokal tiltaksstrategi. Andre lokale målsetjingar som er nedfelte i planar og som er relevante for SMIL, kan òg ha vekt i prioriteringa av søknader.

I Sveio skal innsatsen til spesielle tiltak i jordbruket sitt kulturlandskap prioriterast slik:

- Tiltak på landbrukseigedomar med aktiv drift skal prioriterast
- Fellestiltak skal prioriterast
- Tilskot til tiltak som gjeld naturverdiane i kulturlandskapet skal i størst mogleg grad prioriterast etter verdsetjing av naturverdiar i forskrift, kartleggingar og offentlege organ sine tilrådingar
- Tilskot til tiltak som gjeld kulturminneverdiar skal prioriterast i samsvar med kommunen sin kulturminneplan
- Tilskot til tiltak som gjeld bygningar skal i størst mogleg grad nyttast der bygningar er del av eit heilskapleg bygningsmiljø
- Tilskot til tiltak som gjeld ureining skal prioriterast i samsvar med tiltaksplanar for vassmiljøarbeidet i vassregionane
- Tiltak som gjeld ferdsløstiltak skal prioriterast der tiltaket er til stor gagn for friluftslivet eller der tiltaket kan leggja grunnlag for auka verdiskaping

## **LOKALE TILSKOTSSATSAR**

- Tilskot vert til vanleg løyvd med inntil 50 % av kostnaden
- Tiltak som gjeld høgt verdsett natur- og kulturminneverdiar kan få inntil 70 % tilskot
- For særskilte tiltak for å ta i vare biologisk mangfald kan det gjevast inntil 100 % tilskot
- Tiltak som i særskilt stor grad legg til rette for rekreasjon og friluftsliv i jordbruket sitt kulturlandskap kan få inntil 70 % tilskot

## **SØKNADSRIST**

Søknadsfristen er 1. mai kvart år. Dersom det er midlar att etter at søknadene er avgjort, kan det lysast ut ledige midlar. Søknadsfrist er i så fall 1. oktober.

## **REVIDERING**

I den tida tiltaksstrategien gjeld, har kommunen høve til å gjera endringar som fylgje av regelendringar og andre mindre og naudsynte korrigeringar utan dialog med dei andre partane.